

## MØTEBOK

|                 |   |
|-----------------|---|
| <b>Organ</b>    | <b>Fylkesutvalet</b>                          |
| <b>Møtestad</b> | <b>Leikanger - Fylkeshuset, møterom Sygna</b> |
| <b>Møtedato</b> | <b>02.05.2018</b>                             |
| <b>Kl.</b>      | <b>11:10 – 15:35</b>                          |

**Faste medlemmer til stades:**

**Jenny Følling, Sp**  
**Sigurd Reksnes, Sp**  
**Aleksander Øren Heen, Sp**  
**Trude Brosvik, KrF**  
**Åshild Kjelsnes, Ap**  
**Hilmar Høl, Ap**  
**Helen Hjertaas, Ap**  
**Bjørn Erik Hollevik, H**  
**Gunhild Berge Stang, V**

**Til stades med møte- og talerett:**

**Fylkesrådmann Tore Eriksen**

**Sekretariat for møtet:**

**Svein Hågård og Marit Silje Husabø**

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Fylkesutvalet valde fylkesordføraren og Hilmar Høl til å godkjenne møteboka på vegner av organet.

Sak 41/18 vart handsama før sak 40/18. Elles vart sakene handsama i den rekkjefølgja som framgår av møteboka.

Fylkesutvalet vedtok å lukke dørene under handsaminga av dokument 2 i sak nr. 40/18, jf. kommunelova § 31 nr. 5, jf. offentleglova § 23 første ledd.

*Munnlege orienteringar:*

- Sogn og Fjordane Energi AS (SFE): I tilknytning til dokument 2 i sak 40/18 orienterte Advokatfirmaet Lund & Co, v/adv. Ulf Larsen, ut frå ein presentasjon som er journalført i ESA 16/3230-177. Konsernsjef i SFE, Johannes Rauboti, var til stades og fekk høve til å kome til orde. Fylkesutvalet drøfta saka.
  - Fylkesutvalet fann Hilmar Høl inhabil til å delta ved delar av orienteringa og den påfølgande drøftinga, jf. forvaltningslova § 6 første ledd, bokstav e), nr. 2. Fylkesutvalet gav Høl løyve til å vere til stades i møterommet i dei bolkanane han var inhabil, jf. § 13 i reglementet for sakshandsaming i politiske utval.
  - Fylkesutvalet vurderte habiliteten til Gunhild Berge Stang og fann ho habil.
- Fylkesordføraren orienterte om førespurnad frå Kost- og ernæringsforbundet om det finst planar om å innføre skulefrukost ved dei vidaregåande skulane i Sogn og Fjordane fylkeskommune.

- Aleksander Øren Heen stilte spørsmål om behovet for nattestenging av Sognefjellsvegen. Fylkesrådmannen, v/fylkesdirektøren for samferdsle, svarte på spørsmålet.
- Fylkesordføreren orienterte frå representantskapsmøtet i Trivselshagen IKS.

## **SAK 38/18 Skaldegard - Klage på vedtak**

### **Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

Fylkesutvalet tek ikkje til følgje klagen frå Skaldegard AS på vedtaket i FU-sak 28/18.

### **Endringsframlegg:**

**Kristeleg Folkeparti** gjorde slikt framlegg til vedtak:

Klagen vert teken til følgje. Framlegget frå fylkesrådmannen i sak 7/18 i hovudutval for samferdsle vert vedteke.

### **Avrøysting:**

Trude Brosvik, Bjørn Hollevik og Gunhild Berge Stang røysta for framlegget frå Kristeleg Folkeparti. Framlegget vart såleis forkasta.

Jenny Følling, Sigurd Reksnes, Aleksander Øren Heen, Åshild Kjelsnes, Hilmar Høl og Helen Hjertaas røysta for fylkesrådmannen si tilråding.

### **Dette gir følgjande VEDTAK:**

Fylkesutvalet tek ikkje til følgje klagen frå Skaldegard AS på vedtaket i FU-sak 28/18.

-----

## **SAK 39/18 Arrangementstøtte NM i friidrett Byrkjelo**

### **Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

Fylkesutvalet viser til at det alt er løyvd kr 100 000 til NM i friidrett på Byrkjelo 2018, jf administrativt vedtak av 06.12.2017. Det vert ikkje løyvd ytterlegare midlar til NM i friidrett på Byrkjelo i 2018.

### **Endringsframlegg:**

**Senterpartiet** gjorde slikt framlegg til vedtak:

NM i friidrett på Byrkjelo får innvilga ein støtte på kr 200 000,- på dei vilkåra som ligg i søknaden og saksutgreiinga. Auken vert finansiert frå kontoen «fylkesutvalet til disposisjon».

### **Avrøysting:**

Åshild Kjelsnes, Hilmar Høl, Helen Hjertaas og Bjørn Hollevik røysta for fylkesrådmannen si tilråding, som såleis vart forkasta.

Jenny Følling, Sigurd Reksnes, Aleksander Øren Heen, Trude Brosvik og Gunhild Berge Stang røysta for framlegget frå Senterpartiet.

### **Dette gir følgjande VEDTAK:**

NM i friidrett på Byrkjelo får innvilga ein støtte på kr 200 000,- på dei vilkåra som ligg i søknaden og saksutgreiinga. Auken vert finansiert frå kontoen «fylkesutvalet til disposisjon».

-----

**SAK 40/18      Skriv og meldingar fylkesutvalet 2. mai 2018**

**Følgjande skriv og meldingar vart handsama:**

- 1:      Invitasjon frå Tsjekkias ambassade i Oslo
  - 2:      Notat frå Lund og co: Løypemelding 2/2018  
*Ikkje offentleg, Offl. § 15 andre ledd og § 23 første ledd*
- 

**SAK 41/18      Luftputebåten Veitastrond - driftstilskot**

**VEDTAK:**

Søknaden om utbetaling av driftstilskot for 2017 vert imøtekomen. Vidare viser fylkesutvalet til at fv. 337 til Veitastrond no er sikra mot skred ved Buskredene, Bjødnabakken og Lindeskreda. I tillegg er det «radarovervaking» av området som varslar om det kjem skred ved Utladøla. Ut i frå dette legg fylkesutvalet til grunn at det frå 2018 ikkje lenger er grunnlag for at fylkeskommunen skal yte driftstilskot til luftputebåten.

-----